

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:

Vår ref:
2016/2772 -
1149/2017

Sakshandsamar:
Ingvill Skogseth 51 96 38 12

Dato:
06.03.2017

Høyring - forslag til forskrift om behandlingsreiser til utlandet

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag til forskrift om behandlingsreiser til utlandet. Behandlingsreiser til utlandet er eit diagnosespesifikt behandlingstilbod i varmt og solrikt klima. Tilbodet er eit supplement til behandlingstilbod i Noreg, og er finansiert med ein eigen post på statsbudsjettet.

Departementet meiner at kriterier for tildeling av behandlingsreise og saksbehandlinga av søknadene bør regulerast i forskrift, og foreslår i høyringsnotatet eit forslag til forskrift som rammer inn gjeldande ordning.

I høyringsnotatet blir det ikkje foreslått endringar i pasientgruppene som er omfatta av ordninga. Dette spørsmålet vil bli vurdert i forbindelse med dei enkelte års budsjett.

Departementet har i forslaget til forskrift også regulert retten til å få dekka utgifter til ledsager på behandlingsreiser.

Høyringsuttale frå Helse Vest RHF

Helse Vest RHF støttar i all hovudsak forslag til forskrift, og dei vurderingane som er gjort i høyringsnotatet. Forskrifta vil etter vår vurdering bidra til ei forsvarleg og effektiv saksbehandling av søknader.

Vi har likevel nokre merknader til den delen av klagebehandlinga som gjeld at klageinstansen ikkje skal prøve skjønnsutøvelsen.

Vedtak om tildeling eller avslag på ei behandlingsreise er å sjå som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Vedtak kan klagast inn for Nasjonalt klageorgan for helsetenesta.

Det er presisert i forslag til forskrift § 14 at klagen ikkje kan omfatte *skjønnsutøvelsen*.

I høyringsnotatet går det fram at vilkåra som gjeld for at pasienten skal kunne bli tildelt behandlingsreise, går fram av § 4. Helse Vest legg til grunn at det her vil bli utøvd skjønn i den konkrete vurderinga av om vilkåra i § 4 er oppfylt. For Helse Vest er det noko uklart om departementet har meint at dette ikkje kan overprøvas.

Forslagets § 6 regulerer nærmare prioritering av søkjarane. Argumentasjonen i høyringsnotatet, for at klageinstansen ikkje skal prøve skjønnsutøvelsen, er knytt til prioriteringa i § 6. Dersom det er dette som er meint, meiner Helse Vest at det må presiserast i forskrifta at det er *skjønnsutøvelsen* i tilknytning til prioritering av søkjarar som ikkje kan overprøvast.

Vi legger for øvrig til grunn at pasienten kan klage på lovanvendelsen.

Vennleg helsing


Hans K. Stenby
plansjef

Ingvill Skogseth
seniorrådgjevar